

ÅRSRAPPORT



Årsrapport 2019–2020



Innhold

1.	Styrets beretning	3
2.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
3.	Årets aktivitetar og resultat	12
4.	Styring og kontroll i verksemda	22
5.	Vurdering av framtidsutsikter	24
6.	Årsrekneskap 2019	26

1. Styrets beretning

1.1 ARBEIDET I STYRET

I 2019 har styret gjennomført seks ordinære styremøte og hatt eitt møte med saker til skriftleg behandling. Totalt har det vore behandla 119 drøftings- og orienteringssaker.

Styret har diskutert NIH sitt kvalitetsarbeid for studier og har vedtatt ei revidert handbok for kvalitets-sikring av utdanningane. Styret har også diskutert kvalitetsarbeidet i ph.d. utdanninga. Styret har hatt fokus på oppfølging av overordna verksemds-plan og utviklingavtala med KD. Styret har vedteke sammenslåing av to seksjonar til eitt institutt og omgjerung av dei øvrige tre seksjonane til institutt. Det har vore tilsett ein ny instituttleiari i 2019. Andre saker som styret har vore opptekne av er nytt toppidrettssenter, arbeidet med ny strategisk plan, NIH som sjølvforvaltande institusjon og 5 årig faglærarutdanning.

Dei økonomiske utfordringane som i stor grad skyldast forsinkelsar og mange feil og manglar i det store rehabiliteringsprosjektet, har vore diskutert i styret i samband med rapporteringa og budsjett. Styret ser med alvor på situasjonen, men meiner dei grep som no gjerast for å auke innteninga og halde kostnadane nede er med på å gjere høgskolen i stand til å gjere innsparingar over tid som dekkar opp underskotet.

1.2 VIKTIGE AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2019

Utdanning

NIH er ein attraktiv studiestad med svært gode søkjar-tal. NIH jobbar aktivt med å utvikle studieporteføljen og

har ambisjonar om tettare samarbeid med arbeidslivet og meir praksis i studiane.

- NIH har svært god søking til studia og høg inntakskvalitet. Høgskolen er svært nøgd med at vi i 2019 hadde 4,75 førstevalssøklarar i snitt på grunnstudia.
- Det systematiske kvalitetsarbeidet er betre dokumentert og meir kjend i organisasjonen enn tidlegare, og det er tatt i bruk nye digitale verktøy for å sikre både dokumentasjon og transparens.
- NIH-studentar er ifølge studiebarometeret 2019 tilfreds med det fysiske læringsmiljøet på NIH og scorar i snitt 4,0 på ein skala frå 1 til 5. Det viser at rehabiliteringa og nye undervisningslokale har blitt godt mottatt av studentane.

Forskning

NIH driv forskning av høg kvalitet innan eit breitt spekter av fagområde vinkla mot idrett og fysisk aktivitet, skole, samfunn og folkehelse. Høgskolen har høg forskingsproduksjon pr. tilsett samanlikna med resten av universitets- og høgskolesektoren, høg produksjon av doktorgradar og betydeleg ekstern finansiering av forskning.

- NIH har høg produksjon av forskning av god kvalitet. Talet på publikasjonspoeng pr UFF årsverk var 2,42 i 2017 og 2,27 i 2018. Tala for 2019 er ikkje klare enno, men så langt ser det ut til at NIH får omlag same produksjon pr tilsett som i 2018.
- NIH sin forskingsverksemd blir høgt rangert internasjonalt. Som i tidlegare år, har NIH i 2019

fått god vurdering på mål relatert til forskning i den europeiske rangeringa EU-multirank. I Shanghai-rangeringa av universitet innan kategorien sport science, er NIH vurdert som nr. to av meir enn 300 universitet i verda.

- NIH har ei høg mengde doktorgradsstudentar og god gjennomstrømming. NIH har 65 ph.d.-studentar i programmet, og omlag halvparten av desse er finansierte med eksterne middel. I 2019 vart det avlagt 11 doktorgradar (17 i 2018).
- Ekstern finansiering av forskning utgjer omlag 12 prosent av NIH sitt budsjett.

1.3 UTFORDRINGAR OG PLANAR FOR 2020

Utdanning

NIH skal revidere master i idrettsvitskap og er i gang med utvikling av ein ny 5-årig faglærerutdanning i kroppsøving og idrettsfag. NIH er også med på ei felles internasjonal mastergrad i friluftsliv med oppstart i 2020, og det er dialog med UiO om moglegheitene for ein felles mastergrad innan idrettsernæring. Samla er dette eit godt utgangspunkt for vidareutvikling av NIH si masterportefølje.

Ny forskrift (forskrift om tilsetting og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger) og eit system for pedagogisk merittering stiller tydelegare og meir omfattande krav til utvikling og dokumentasjon av undervisningsfagleg kompetanse. Dette vil ta tid og stiller krav til kompetanseheving og kontinuerleg arbeid med kvalitetskultur innan utdanning. Oppstart av

5-årig faglærerutdanning i kroppsøving og idrettsfag vil på sikt bli eit svært omfattande studieprogram som ikkje er økonomisk bærekraftig dersom det ikkje kjem nasjonale endringar i finansieringa, eller nye tildelingar av studieplassar til NIH.

Forskning

I forskingsverksemda vil NIH prioritere å halde oppe den høge produksjonen og fremje kvalitet og utvikling i forskning og forskarutdanning. Viktige tiltak i 2020 blir:

- Ferdigstilling av nytt forskarutdanningsprogram med oppstart hausten 2020.
- Framleis satsing på å få fram fleire gode søknadar til EU, NFR og andre kjelder for å sikre vekst i den eksternt finansierte forskingsverksemda.
- Framleis prioritere tiltak som skal sikre at alle forskingsprosjekt oppfyller forskningssetiske krav og krav til personvern.

1.4 STYRING OG KONTROLL

NIH har som ein liten verksemd ikkje sett det formåls-tenleg med ei eiga eining for internrevisjon, men verksemda utfører eigne internkontrollar på fleire område, som til dømes forskingsdata, handtering av personalopplysingar og økonomiske transaksjonar. Styret ved NIH utarbeider kvart år ein overordna risikovurdering med risikoprodukt for dei risikoelementa som er viktigast for kvart delmål. Denne vurderinga ligg også til grunn for overordna verksemdsplan, og det rapporterast på denne gjennom året.



Oslo, 12. mars 2020

Styret ved Noregs idrettshøgskole

Tomas Kristensen	Lars Tore Ronglan (styreleiar/rektor)	Kathrine Cappelen
Øyvind B. Sandbakk	Marcela Montserrat Fonseca Bustos	Sigmund Loland
Grethe Myklebust	Oddbjørn Alstad	Runar Solberg
Tuva Witzø Johannessen	Tony Danielsen	

2. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Noregs idrettshøgskole vart oppretta som statleg vitskapleg høgskole i 1968 og er underlagt Kunnskapsdepartementet. NIH har som vitskapleg høgskole, innanfor fagområdet sitt, same autonomi som eit universitet (spesialisert universitet). Styret er høgskolen sitt øvste organ. NIH har delt leiding med vald rektor som styreleiar og tilsett administrerende direktør på åremål.

NIH er Noregs fremste utdannings- og forskingsinstitusjon innan idrettsvitskap. Samfunnsoppdraget vårt er å drive høgare utdanning, forskning og formidling innan eit breitt teoretisk og aktivitetsretta idrettsvitskapleg område. Aktivitetsfeltet rommar breidde- og toppidrett, kroppsøving, friluftsliv og dessutan fleire andre variantar av organisert og sjølvorganisert rørsleaktivitet. NIH har ein fleirfagleg tilnærming til undervising og forskning på menneske i rørsle, inkludert barn, unge, vaksne, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

NIH sine utdanningar og forskingsverksemd har stor samfunnsmessig relevans. Fleirfagleg kunnskap om idrett og menneske i rørsle fremjer forståing av den verdien rørsle kan ha for danning, læring og utvikling hos einskiltpersonar. Fysisk aktivitet og rørsle kan gje næring til glede, meistring og inkludering i skole, arbeid og fritid. Kunnskap om verdien av fysisk aktivitet for helse og livskvalitet aukar og utgjer ein kunnskapsbase for framtidsetta helsepolitikk. Forskingsbasert kunnskap om prestasjonsutvikling ligg til grunn for ein forsvarleg og framgangsrik toppidrett. Studie av idrett som kulturfenomen utdjupar forståinga vår av det mangfaldige samfunnet vi er ein del av.

NIH sin organisasjon

NIH har heile verksemda si lokalisert i eigne bygg ved Sognsvann i Oslo.

Rektor blir vald på åremål for fire år. Den øvste leiinga i høgskolen består av rektor, prorektor og administrerende direktør. Administrerende direktør er leiar for dei administrative funksjonane og er tilsett på åremål for seks år. Styret har delegert viktige delar av styringa til Studieutvalget (SU) og Komite for forskarutdanning (KFU). Studieutvalet blir leia av prorektor.

Det vitskaplege personalet er frå 20.01.2020 organisert i fire institutt, som driv utdanning, forskning og formidling innan dei respektive fagfelta sine. I tillegg har høgskolen to eksternt finansierte forskingssenter som organisatorisk ligg under kvar sitt institutt. Kvar institutt blir leia av ein instituttleiar som blir tilsett i fireårig åremålsstilling. Instituttleiarar inngår i fagleg leiargruppe (FL), eit rådgjevande organ for rektor.

Kvar institutt har òg ein kontorsjef som har ansvaret for administrative oppgåver i instituttet. I det operative administrative arbeidet er kontorsjef bindeledd mellom institutt og dei administrative avdelingane.


Kvar institutt har delegert budsjettansvar (lønns- og driftskostnader). Budsjettet blir tildelt som ei ramme, berekna dels ut frå vedtatt bemanning og dels ut frå oppnådde resultat (resultatbasert tildeling).

Kvar av forskningssentra har ein tilsett senterleiar, og kvar av dei har ein eigen administrativ ressurs.

Den teknisk-administrative verksemda er organisert i seks avdelingar. Avdelingane blir leia av ein fast tilsett avdelingsleiar. Avdelingsleiarane inngår i administrativ leiargruppe (AL), eit rådgjevande organ for administrerende direktør.

NIH har pr 31.12.2019 ei bemanning på 231 årsverk og ei omsetning på 283 millionar kroner. 78 prosent

av høgskoleverksemda er finansiert av løyvingar frå Kunnskapsdepartementet, 11 prosent er finansiert av eksterne middel til forskning (bidrags- og oppdragsprosjekt), fem prosent er finansiert av inntekter frå kurs og etter- og vidareutdanning, og tre prosent er finansiert frå utleigeverksemda. Tre prosent av inntektane kjem frå inntektsføring av mottatt arv.



NIH som utdanningsinstitusjon

Det var totalt 4,75 kvalifiserte førstevalssøklarar til NIH gjennom det nasjonale Samordna opptak i 2019, og dette syner at NIH er ein svært attraktiv utdanningsinstitusjon. Det er òg gode søkjartal til NIH sine mastergradar. Andelen kvinner blant studentane på NIH var 49,5 prosent i 2019, men det er få studentar i kategorien innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre og dessutan få studentar med nedsett funksjonsevne. Høgskolen hadde høsten 2019 i alt 1 148 studentar.

NIH satsar på undervisningskvalitet og har eit nytt læringssenter med blant anna lokale til å jobbe med ny undervisningsteknologi. Det er tildelt satsingsmiddel til utvikling av studiekvalitet med særleg fokus på undervisningsteknologi og studentaktiv læring. Resultata frå det systematiske kvalitetsarbeidet og studiebarometeret 2019 viser likevel at det er rom for forbetring i bruk av undervisningsteknologi, og det er eit stort potensial for betre støtte til studentane sine læringsprosessar med bruk av ny teknologi. NIH har samtidig ein tradisjon for mykje aktivitet i undervisninga som må behaldast på tvers av studieprogram.

NIH har vidareutvikla det systematiske kvalitetsarbeidet og implementerte eit revidert kvalitetssystem i 2019. Det er mellom anna gjennomført ein pilot med sentral emneevaluering gjennom systemet BLUE våren 2019 og test av emneevalueringssystemet EvaluationKit høsten 2019. Rapportering på emne og program har blitt gjort gjennom ein ny digital portal frå våren 2019, og desse rapportane er tilgjengelege for alle tilsette og NIH-studentar.

NIH som forskingsinstitusjon

NIH har ein omfattande og internasjonal forskingsverksemd. Forskinga dekker breidda i det vitenskaplege feltet med såvel samfunnsvitenskaplege, humanistiske, naturvitenskaplege og medisinske perspektiv. I den strategiske planperioden 2011-2015 hadde NIH store, felles, tverrfaglege satsingar. For inneverande planperiode 2016-2020 har NIH valt å ikkje konsentrere felles ressursar i store, tverrfaglege satsingar i arbeidet med å utvikle forskingsverksemda.

NIH har i 2019 totalt 129 årsverk i undervisnings- og forskarstillingar. Når det gjeld forskingsproduksjon, har vi ennå ikkje dei endelege tala, men førebelse tal syner at produksjonen vil vere omlag som i 2018. I 2018 hadde NIH 2,27 publiseringspoeng pr fagleg tilsett. 38 prosent av artiklane er publiserte i nivå 2-tidsskrift.

Etter ein periode med betydeleg vekst, gjekk den eksterne finansierte forskingsaktiviteten litt ned frå 2017 (32 mill. kr.) til 2018 (27 mill. kr.). I 2019 aukar verdien til 30 millionar kroner, og NIH forventar ytterlegare vekst i 2020.

Sidan NIH starta med doktorgradsprogram innanfor idrettsvitenskap i 1986, har 197 kandidatar (91 kvinner og 106 menn) disputert. I 2019 disputerte 11 kandidatar (ni kvinner og to menn). Pr. 31.12.2019 var det 65 personar i programmet, likt fordelt på kvinner og menn.

HOVUDTALL

Tal på årsverk	231
Tal på registrerte studentar	1 148
Totale inntekter i mill. kr.	283
Total tildeling frå Kunnskapsdepartementet og andre departement i mill. kr.	220

NASJONALE STYRINGSPARAMETRE

	Resultat 2017	Resultat 2018	Resultat 2019
--	---------------	---------------	---------------

SEKTORMÅL 1: HØY KVALITET I UTDANNING OG FORSKNING

Andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	50,5	61,6	62,9
Andelen mastergradskandidatar som gjennomfører på normert tid	51,9	54,6	64,4
Andel ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år	66,7	58,3	78,26
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	4,3	4,1	4,0
Fagleg tidsbruk (timer) per uke blant heiltidsstudentar	29,6	25,6	27,0
Tal på publikasjonspoeng per fagleg årsverk	2,42	2,27	-
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk			
Andel utreisande utvekslingsstudenter på Erasmus+ av totalt tal på studentar	0,7	1,2	0,8

SEKTORMÅL 2: FORSKING OG UTDANNING FOR VELFERD, VERDISKAPING OG OMSTILLING

Andel mastergradskandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	63,6	-	-
Bidragsinntektar frå Forskningsrådet per fagleg årsverk	7,0	26,8	67,0
Andre bidrags- og oppdragsinntektar per fagleg årsverk	257,5	212,6	193,0

SEKTORMÅL 3: GOD TILGANG TIL UTDANNING

Kandidattall på helse- og lærerutdanningene			
Praktisk pedagogisk utdanning	-	77	66

SEKTORMÅL 4: EFFEKTIV, MANGFALDIG OG SOLID HØGARE UTDANNINGSSEKTOR OG FORSKINGSSYSTEM

Tal på studiepoeng per fagleg årsverk	397,3	426,7	415,0
Andel kvinner i dosent- og professorstillinger	36	38,2	36,5
Andel midlertidig tilsette i undervisnings- og forskarstillinger	23,2	18,6	16,5

VURDERING AV RESULTATA PÅ NASJONALE STYRINGSPARAMETARAR

Utdanning

Andelen bachelor-, master- og ph.d.-kandidatar som gjennomfører på normert tid er betre i 2019 enn i 2018 og ligg over snittet i sektoren, særleg på bachelornivå. NIH har ambisjonar om betre gjennomføringsgrad på masternivå og ønskjer å inkludere studentane i fagmiljøa endå sterkare allereie frå bachelornivå. Det skal òg gjennomførast studentsamtalar/ rettleiings-samtalar med alle studentar i løpet av det første studieåret på både bachelor- og masterprogramma.

Den rapporterte tidsbruken til NIH sine studentar har auka frå 2018 til 2019, men det institusjonelle gjennomsnittet har vore lågt samanlikna med sektoren elles i alle åra studiebarometeret har vore gjennomført. NIH nedsette ei arbeidsgruppe i 2019 som skulle sjå på resultata frå studiebarometeret. Arbeidsgruppa leverte sluttrapporten hausten 2019 og trakk mellom anna fram tidsbruk som eit mogleg problemområde. Studiebarometeret har vist at studentar innan nokre fagområde er gjengangarar på låg tidsbruk (sosiologi, idrett, antropologi, pedagogikk, språk), og NIH har omlag lik tidsbruk blant studentane som snittet innanfor fagområdet idrett i 2019. NIH har ambisjonar om auka tidsbruk blant studentane, og arbeidsgruppa la fram forslag til tiltak som er følgt opp i NIH sin overordna verksemdsplan for 2020. Tiltaka er mellom anna ei vidareføring av satsningsmiddel til utvikling av undervisningskvalitet og auka bruk av studentaktive læringsformer. Det blir òg arbeidd med mindre prosjekt med vurderingsformer som kan betre både fagleg tilbakemelding og rettleiing, og tidsbruk undervegs i semesteret.

Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av det samla talet studentar er låg. Ei av hovud-utfordringane er at dei fleste bachelorstudentene på

NIH berre har moglegheit til å reise på utveksling i haustsemesteret. Utveksling til fleire land i Europa er svært krevjande i haustsemesteret sidan semesteret gjerne ikkje blir avslutta før i februar.

Forskning

Norges Forskningsråd (NFR):

«NIH har tidlegare hatt små inntekter frå prosjekt med støtte frå NFR. Dei seinare år har vi satsa meir på å skaffe NFR prosjekt, og det gir etter kvart uttelling i form av auka inntekter pr. fagleg årsverk. Det største prosjektet er NFR-Toppforsk – Generation Sedentary (3 mill. kroner i 2019).»

Andre BOA inntekter:

Når det gjeld Andre bidrags- og oppdragsinntekter, har inntekt pr fagleg årsverk gått litt ned. NIH har over tid lege særst høgt her, men vi har svingingar frå år til år. I tillegg til naturlege svingingar, kan det ha ei viss betyding at høgskulen i dei siste par år har satsa mykje på å få fram søknader og prosjekt med finansiering frå NFR og EU (der vi historisk har lege lågt). Dette kan ha gått noko på bekostning av arbeidet med å skaffe finansiering frå andre kjelder.

Midlertidighet

Delen med mellombelse, vitskaplege stillingar (naturlege mellombelse stillingar ikkje medrekna) har gått ned frå 18,6 prosent i 2018 til 16,5 prosent i 2019. Gjennomsnittet for mellombelse stillingar i universitets- og høgskolesektoren (UH) var på 15,5 prosent i 2019.

Delen årsverk i forskarstillingar har gått ned frå 8,45 årsverk i 2018 til 7,15 årsverk i 2019, og delen mellombelse tilsette i førsteamanuensisstillingar gått ned frå 2,2 årsverk i 2018 til 1,4 årsverk i 2019. Delen mellombelse administrative stillingar har hatt ein markant nedgang frå 25,5 prosent i 2013 til 9 prosent i 2017, og 5,6 prosent i 2019.



3. Årets aktiviteter og resultat

RESULTATRAPPORTERING UTDANNING

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Sektormål 3: God tilgang til utdanning

NIH sitt hovudmål:

NIH skal utdanne kompetente og etterspurde kandidatar som bidreg til å styrke samfunnet med idrettsvitskapleg innsikt og engasjement.

Delmål 1:

NIH skal gjennom framifrå undervising og eit engasjerande læringsmiljø rekruttere og utdanne dyktige og motiverte studentar.

Fråfall undervegs i det 1. studieåret av revidert BA-portefølje var i snitt på 5,7 prosent, men varierte frå 0 til 18,2 prosent. Fråfallet mellom 1. og 2. studieår var i gjennomsnitt 16,5 prosent, men det er stor variasjon mellom programma (frå 7,9 til 27,3 prosent).

Alle studentar på 1. studieår har fått tilbod om student-samtale med faglege ansvarlege på studieprogrammet sitt. Resultata frå Studiebarometeret i 2019 i kategorien tilbakemelding og rettleiing var likevel berre 3,1 for NIH, og dette er lågare enn det nasjonale snittet (3,3).

Resultata frå Studiebarometeret i 2019 syner at studentane på NIH er svært nøgde med det sosiale

miljøet blant studentane (4,3) og svært godt nøgde med lokala for undervising og studentarbeid (4,2). Det er potensial for å auke studentane sin tidsbruk på faglege aktiviteter.

Delmål 2:

NIH skal vidareutvikle ein studieportefølje med høg fagleg kvalitet som samsvarer med kompetansebehova i samfunnet.

NIH igangsette ei mindre justering av Master i idrettsvitskap i 2019 som følgje av rapporten frå ei periodisk evaluering av programmet. Eit større revisjonsarbeid er utsett til 2020.

Totalt 21,4 prosent av studentane på BA-retningane og 9,4 prosent av studentane på MA var på utveksling i 2019. Einskilte studieprogram og fagmiljø har igangsett eit arbeid med å identifisere meir programspesifikke samarbeidspartnarar. Faglærerutdanninga i kroppsøving og idrettsslag har per i dag inga opning for studentutveksling, og det blir særleg viktig å legge til rette for utveksling når NIH går over til 5-årig faglærerutdanning frå 2021.

Andelen studentar som meiner at studieprogrammet er relevant med god tilknytning til arbeidslivet, har gått ned samanlikna med 2018 og er likt med det nasjonale snittet (3,2 på ein skala frå 1 til 5 der 5 er best).

Spørsmålsbatteriet er endra i Studiebarometeret, så resultata er ikkje direkte samanliknbare mellom åra. Eit revidert system for kvalitetssikring av utdanning

blei implementert i 2019, og kvalitetsarbeidet er betre dokumentert enn tidlegare.

Delmål 3:

NIH sitt studieprogram skal vere forskingsbaserte og praksisnære

Det er praksisnær undervising på alle gradsgjevande studieprogram med varierende omfang og organisering. Noko er rettleidd yrkespraksis, men det er òg praksis knytt til forskingsaktivitet i lab og i felt. Den reviderte studieporteføljen på lågare grad som hadde oppstart hausten 2018, har ein auka satsing på yrkespraksis, og alle bachelorgradar vil tilby yrkespraksis i ulikt omfang i 2. og 3. studieår. NIH har i den samanheng utarbeidd

ein mal/ retningslinjer for avtaler mellom NIH og praksisstad og mellom NIH og praksisvegleiar.

Det er vedtatt ein fleksibel modell for systematisk samarbeid med arbeidslivet på programnivå der studieprogramma sjølv kan vurdere korleis arbeidslivet skal bidra inn.

Det blir arbeidd kontinuerleg med å forbetre kvaliteten i masterprogramma gjennom mellom anna studentinkludering i forskingsaktivitet og insituttvise fagseminar. Den kommande revisjonen av Master i idrettsvitenskap blir viktig for å sikre tettare kopling mot praksisfeltet.

RESULTATRAPPORTERING, FORSKING

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

NIH sine hovudmål:

NIH skal drive forskning av høg internasjonal kvalitet med tydeleg samfunnsmessig relevans.

Delmål 1:

NIH skal vidareutvikle stimulerande og produktive forskingsmiljø til å produsere ypparleg forskning innan kvart forskingsområde.

NIH sin forskingsproduksjon har auka over tid, og ligg no på eit høgt nivå. I 2016 hadde NIH 2,2 publikasjonspoeng (pp) pr tilsett, i 2017 2,42 pp og i 2018 2,27 pp. Førebelse

tal for 2019 syner at NIH ligg omlag på same nivå som i 2018.

Andel publiseringar i "Open access" har auka jamt dei seinare åra, og ved NIH er 38 prosent av alle publiseringar nå i Open Access-tidsskrift (gullstandard eller hybrid).

Frå 2017 har NIH arbeidd etter ein tiltaksplan som skal sikre at institusjonen har gode rutinar og praksis for etisk vurdering og kvalitetssikring av prosjekt, god oversikt og internkontroll. NIH etablerte i 2017 ein eigen uavhengig, etisk komite for førehandsvurdering av forskning på menneske (der forskinga ikkje fell inn under Helseforskinsloven). Komiteen vurderer kor ansvarleg ulike forhold omkring forskingsdeltakarane er, medan personvernet blir vurdert av NSD. Komiteen har omlag 40 saker pr år fordelt på åtte møte.



NIH har òg etablert:

- eit eige prosjektstøttesystem for forskingsprosjekt, der forskarane skal registrere prosjekta sine, gjennomgå sjekklister med spørsmål om i kva grad dei etterlever formelle krav til korleis prosjekta skal gjennomførast (krav til forhåndsgodkjenningar, forsvarleg behandling av forskingsdeltakarar, personvern, rapporteringsplikter m.m.), og lastar opp viktige dokument om prosjektet til arkivering (forskinsprotokoll, søknader og svar på slike, avtaler m.m).
- årlege kurs i praktisk forskningsetikk og personvern for tilsette i undervisnings- og forskarstillingar, og tilsvarende kurs tilpassa masterstudentane.

NIH får kvart år god skåre på forskingsindikatorar i den europeiske rangeringen EU-multirank. I Shanghai-rangeringen av universitet innan kategorien sport science, er NIH rangert som nr. to av meir enn 300 universitet i verda.

Delmål 2:

NIH si forskarutdanning skal vere av høg internasjonal standard og rekruttere dei beste forskartalenta innan idrettsvitskap.

Pr 31.12.2018 har NIH 65 kandidatar i doktorgradsprogrammet, likt fordelt på kvinner og menn. Omlag halvdelen av desse er finansierte med eksterne middel. 11 kandidatar avla doktorgrad i 2019 (17 i 2018). Av kandidatane i 2019 var ni kvinner.

Alle kandidatar i 2019 hadde avhandlingar med internasjonale publikasjonar/artiklar (til saman 45 artiklar). Det var internasjonale opponentar i alle dei 11 vurderingskomiteane.

For kandidatar tilsett ved NIH var gjennomsnittleg gjennomføringstid i studieåret 2018 / 2019 på 3,57 år. Det er ei strategisk målsetjing at NIH si forskarutdanning skal vere av høg internasjonal standard. Dette skal mellom anna oppnåast gjennom å stimulere doktorgradsstudentar til å presentere forskinga si på internasjonale forskingskonferansar, og dessutan legge til rette for utanlandsopphald gjennom økonomisk støtte. I 2019 har NIH auka satsane for støtte til stipendatar på forskingsopphald i utlandet.

NOKUT godkjente NIH sitt kvalitetssystem for doktorgradsprogrammet i 2011. Frå 2013 har NIH årleg utarbeidd ein kvalitetsrapport for forskarutdanninga. I 2017/2018 gjennomførte NIH ei ekstern evaluering av kvaliteten i ph.d.-programmet, i tillegg til at NOKUT vurderte kvalitetssystemet for ph.d. (ved tilsyn). Evalueringane er følgde opp med utviklingsarbeid og tiltak/endingar i programmet. Det nye programmet startar frå hausten 2020.

Delmål 3:

Forskingsmiljøa ved NIH skal hente inn finansiering frå nasjonale og internasjonale kjelder og utvikle strategiske partnerskap med gode forskingsmiljø.

Den eksternt finansierte forskingsaktiviteten (BOA-verksemda) har auka mykje dei seinare år og ligg på eit relativt høgt nivå (30 mill. kr. i 2019). Den eksternt

finansierte verksemda styrkar forskingsmiljøa og bidreg betydeleg til NIH sin forskingsproduksjon.

Mesteparten av NIH sin BOA-verksemd er bidragsprosjekt (29,2 mill. kr. i 2019). Oppdragsprosjekta står for ein mindre del (0,7 mill. kr. i 2019). Seksjon for idrettsmedisinske fag («institut» frå 01.01.2020), inkl. Senter for idrettsskedeforskning, står for 68 prosent av NIH sine inntekter frå BOA-aktiviteten (mot 76 prosent i 2018).

NIH har meir å gå på når det gjeld ekstern forskingsfinansiering fordi aktiviteten er ujamnt fordelt mellom fagmiljøa. Det er derfor gledeleg at fordelinga blir jevnare når det gjeld søknadar og nye avtaler, som etter kvart òg fører til jamnare fordeling av inntektene og vekst totalt sett.

Pr. 31.12.2019 har NIH ein søknad inne om forskings-

finansiering frå EU sitt forsknings-program (Seksjon for coaching og psykologi, nå Institutt for idrett og samfunnsvitskap). I tillegg er NIH med i eit konsortium som har søkt og fått støtte til eit innovasjonsprosjekt under EU/NFR-programmet EUROTARS (Seksjon for idrettsmedisinske fag, nå Institutt for idrettsmedisinske fag). Dei seinare år har NIH sendt i gjennomsnitt to søknadar om forskingsfinansiering til EU, men tilslagsprosenten har dessverre vore låber. NIH har derfor tilsett ein eigen EU-rådgjevar frå 2019 som skal hjelpe forskarane med rådgjeving og hjelp til å utvikle søknadar. I tillegg er det sett av felles middel til posisjoneringsaktivitetar og utvikling av søknadar, og NIH har søkt og fått middel frå NFR til søknadsutvikling (PES-middel).

Frå 2015 har NIH budsjettert og regnskapsført nye BOA-prosjekt i samsvar med TDI-prinsippa for sektoren.

INNTEKTER FRÅ EKSTERNT FINANSIERT FORSKING I 2019

FAGSEKSJONAR	Bidragsprosjekt	Oppdragsprosjekt	SUM 2019	Del av total	SUM 2018
Seksjon for fysisk prestasjonsevne (SFP)	3 207 381		3 207 381	11 %	1 066 080
Seksjon for idrettsmedisinske fag (SIM)	19 787 524	675 418	20 462 942	68 %	20 499 658
herav Senter for idrettsskedeforskning	11 548 311		11 548 311	39 %	9 978 907
Seksjon for coaching og psykologi (SCP)	4 164 057		4 164 057	14 %	4 360 260
herav Forskningssenter for barne- og ungdomsidrett	3 778 121	-	3 778 121	13 %	3 250 656
Seksjon for kroppsøving og pedagogikk (SKP)	481 622		481 622	2 %	24 141
Seksjon for kultur og samfunn (SKS)	1 566 696		1 566 696	5 %	956 386
SUM inntekter	29 207 279	675 418	29 882 697	100 %	26 906 524
Budsjett	28 972 424	1 000 000	29 972 424		40 727 901

RESULTATRAPPORTERING, FORMIDLING OG SAMFUNNSKONTAKT

Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem

NIH sitt hovudmål:

NIH skal vere Noregs mest attraktive utdanningsinstitusjon innan idrettssvitenskap.

Delmål 1:

NIH skal være kjend som Noregs mest attraktive utdanningsinstitusjon innan idrettssvitenskap.

NIH har i snitt 4,75 førstevalssøklarar pr. studieplass til grunnstudiane, noko som betyr at høgskulen har 1/3 av førstevalssøklarane til idrettstudium i Noreg.

Stadig fleire seier i studiestartundersøkinga at dei startar på NIH på grunn av spanande karriere-moglegheiter (61 prosent mot 50 i 2018). 70 prosent av respondentane skriv at dei vel NIH primært fordi det er ein anerkjend høgskole med høgt fagleg nivå. Inntrykket blir òg forsterka gjennom forskingskommunikasjon.

Høgskolen må tenke nytt rundt korleis vi kan bli betre kjend blant fleire grupper i befolkninga. NIH har over lengre tid prøvd å få innpass i vidaregåande skolar på Oslo austkant utan hell. NIH har vore i kontakt med Center for Social Justice (OMOD) som arbeider for å fremje likestilling, hindre diskriminering, bidra til samhandling og auka deltaking i eit mangfaldsperspektiv. Formålet er mellom anna å skape møteplassar. NIH er invitert til å eit samarbeid med ei viktig målsetjing om å nå ut til foreldregrupper til potensielle studentar allereie frå ungdomsskolealder.

Delmål 2:

NIH skal være ein synleg og tydeleg samfunnsaktør og ein ettertrakta samarbeidspartnar.

NIH arbeider med å skape relevant og godt innhald i dei mange kanalane høgskolen har. Forskingskommunikasjon er høgt prioritert, og nyhendesakene våre når breitt ut, særleg fagbloggane. I 2019 er det skrive totalt 24 innlegg på NIH-bloggen.

Alle disputasar har vore grundig omtala på eigne digitale flatar, på forskning.no, sciencenordic.no og i norske massemedier og fagtidsskrift. Video blir nytta i auka omfang i alle kanalar. Det er produsert ei rekke videoar som har blitt og blir nytta i rekrutteringssamanheng og dessutan korte filmar frå ulike forskingsprosjekt.

Forskarar frå NIH bidreg på ei rekke nasjonale og internasjonale fagkonferansar. Dei foreles ved andre lærestadar og driv brukarretta og allmennretta forskingskommunikasjon i ei rekke samanhengar.

I 2019 arrangerte NIH ei rekke seminar, kurs og konferansar for ulike målgrupper. Tema for dei åpne frukostmøta var:

- Trening og kreft
- Idretten vil! Kva da?
- Den norske toppidrettsmodellen frå innsida og utsida
- Ungdom og fysisk aktivitet
- Fagfornyelse i kroppsøving og i lærarutdanning i kroppsøving og idrettssag
- Ut med dommaren!

I tillegg, til dømes:

- Studentstyret inviterte til debatt om presidentvalet i Noregs idrettsforbund

- Kroppsøvingskonferansen vart arrangert for 8. gang
- Ei rekke åpne gjesteforelesingar
- NIH Aktiv Convention for treningsbransjen
- Avgangsstudentane på bachelor i trening, helse og prestasjon inviterte til ein åpen foredragserie om fysisk aktivitet og alderdom

Delmål 3:


NIH skal være norske media sitt prioriterte og mest siterte fagmiljø innan idrettssvitenskap.

Det blir arbeidd systematisk med innsal av saker til media. Nokre døme er:

- Idrettsskader kan forebygges
- EuroFit – klubben for vårt hjerte
- Bedre svømmeopplæring utendørs
- Lungekrefteropererte bør trene

Spesielt éin nyhendesak fekk stor internasjonal merksemd. Ein studie av mellom anna NIH-professor Ulf Ekelund (publisert i British Medical Journal) om helseeffekten av å gjere berre litt fysisk aktivitet, gjekk verda rundt med omlag 500 medieoppslag.

NIH er godt synleg i det norske mediebiletet og i sosiale medier. Tal frå 2019 henta frå Notified medieovervakingssteneste viser at høgskolen i snitt hadde fire medieoppslag (artiklar) kvar dag gjennom 2019. Mest synleg er høgskolen i regionavisene, med Aftenposten på topp. Spreiing av sakene er størst via VG, NRK og Dagbladet.



Bodskapen om at berre litt aktivitet er nok for å redusere risikoen for ein tidleg død, nådde òg til Malaysia og New Sarawak Tribune.

RESULTATRAPPORTERING, ORGANISASJON OG INFRASTRUKTUR

Sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem

Delmål 1:

NIH skal ha medarbeidarar med høg kompetanse i alle delar av organisasjonen og eit inkluderande arbeidsmiljø som fremjer samhandling og utvikling.

NIH arbeider målretta med rekruttering og har innarbeidd dei nye krava om høgskolepedagogisk basiskompetanse i sine rettleiingar for tilsetting i vitskaplege stillingar. Høgskolen verkar vere ein attraktiv arbeidsgjevar, og vi rekrutterer godt òg internasjonalt. Som ein liten høgskole er det for NIH særleg viktig å samarbeide godt administrativt med andre i sektoren for å motverke sårbarheit ved å vere få personar på kvart fagområde. Tilsette deltek mellom anna i nettverk både lokalt og nasjonalt. Det er til dømes fokus på personalarbeidet, og NIH leiår UHR si gruppe for personaleiarar. Høgskolen samarbeider òg med fleire andre institusjonar i sektoreren om felles personvernombod. Innkjøpssamarbeidet med fleire av dei andre høgskolane om inngåing av rammeavtalar som ikkje blir dekt av Difi eller UNIT, held fram.

Ved NIH har vi eit inkluderande arbeidsmiljø med fokus på tilrettelegging for situasjonen og behov til den einskilte tilsette. Det blir jobba førebyggjande med tiltak for enkeltpersonar for å unngå at tilsette blir sjukmelde, og det er eit leiårfokus å sjå den einskilte. NIH har lågt sjukefråvær, 4,1 prosent i 2019.

NIH arbeider med å skape felles arenaer for fag- og administrativt tilsette og arrangerer allmøte og regelmessige møte mellom administrative avdelingar og institutt. Det blir kvartalsvis gjennomført møte mellom leiinga og instituttleiingane.

Delmål 2:

NIH skal ha moderne bygg og idrettsanlegg i tråd med universell utforming og funksjonelle fasilitetar for kjerneverksemda.

I mai var 650 m² totalrehabiliterte og moderne kontorlokale med dagens krav til universell utforming klare for innflytting. Prosjektet er utført i eigen regi.

Gjesteforskerboligane har fått eit løft og har vorte eit nyttig verkemiddel for rekruttering.

Gjennom heile året har NIH brukt store ressursar for å bidra til at Statsbygg får retta det store talet på feil og manglar knytt til dei 16.000 m² totalrehabiliterte areal som vart tatt i bruk i februar 2018. NIH har også i 2019 brukt ressursar på å betre den universelle utforminga der dette har vore mest påkrevd samt vidareutvikla vedlikehaldsplanen.

Arbeida med IT-systema i den rehabiliterte bygningsmassen har halde fram i 2019 med fokus på stabilitet og funksjonalitet på løysingane. Systema er no i normal drift med særleg fokus på digitale læringssystem. Det er gjennomført fleire aktivitetar og tiltak på dette området. I tillegg har IT-avdelinga hatt særleg fokus på system for å auke informasjonstryggleiken på NIH og har innført fleire system for å auke tryggleiken i IT-systema, både lokalt og sentralt i nettverket.

3.1 UTVIKLINGSAVTALEN

Vår utviklingsavtale med KD for perioden 2019-2022 inneheld tre hovudmål:

- (1) NIH skal styrke utdanningane i tråd med behova i samfunnet.**
- (2) NIH skal styrke internasjonalisering og internasjonalt forskningssamarbeid.**
- (3) NIH skal tydeleggjere samfunnsrelevansen til institusjonen.**

Utviklingsvtalen gjeld for ein tidsperiode som overlappar mellom dei inneverande strategiske planane våre (2016–2020) og den nye strategiske planen som vi arbeider med nå i 2020 (2021–2025). Dermed har utviklingsavtalen fungert som ei bru som har forsterka einskilte fokusområde i inneverande strategiplan og dessutan gitt retning for strategidiskusjonane vi er i gang med for neste periode.

Å styrke utdanningane i tråd med behova i samfunnet inneheld mål som dels allereie er oppnådde, dels som vi er godt i gang med. Vi har allereie innført yrkespraksis som del av alle våre bachelorprogram (delmål 2). Vi er i gang med eit revisjonsarbeid på masterstudiet og i sluttfasen av planleggjinga av 5-årig faglærerutdanning med sikte på opptak til reviderte program frå hausten 2021 (delmål 1). Eit strukturert samarbeid med arbeidslivet i videreutviklinga av studieporteføljen (delmål 3) har lege til grunn for revisjonen av ph.d.-programmet (nytt program blir implementert i 2020) og for arbeidet med masterprogramma. Strukturert samarbeid med arbeidslivet er eit mål som framleis må ligge tydeleg til grunn i videreutviklinga av bachelorporteføljen dei neste åra.

NIH skal styrke internasjonalisering og internasjonalt forskningssamarbeid inneheld delmål som både omfattar studentutveksling (BA, ph.d.) og forskings-

samarbeid. Talet utreisende studentar på BA-programma auka i 2019 samanlikna med tidlegare år (17,8 % auke fra 2018). For ph.d.-studentane har vi sett i verk tiltak og styrkt insentiva for utenlandsopphold (m.a. auka økonomisk støtte), og søknadene for 2020 tyder på at dette vil ha ein positiv effekt. I samarbeidet vårt med internasjonale partnerar må vi framleis prioritere tydeleg og strategisk for å få best mogleg utdannings- og forskningssamarbeid ut av ressursbruken vår. Vi er ein liten institusjon med eit sterkt internasjonalt renommé innan våre felt, og vi har stor pågang frå internasjonale interessentar (særleg frå Asia). Framleis har vi størst utbytte av det strategiske samarbeidet vårt med partnerar i Europa og Nord-Amerika, og vi ønskjer framleis å prioritere dette, gjeve storleiken vår og ressursane våre.

NIH skal tydeleggjere institusjonens samfunnsrelevans er målet i utviklingsavtalen som er mest omfattande (og vanskelegast målbart), men kanskje det viktigaste på sikt. Delmålet om utvida samfunnskontakt gjennom eigne arrangement har vi fått stor merksemd dei siste par åra. Det formaliserte samarbeidet med idrettsorganisasjonane (utdannings- og forskningssamarbeid) er styrka gjennom felles-finansierte prosjekt. Vi har eit nært samarbeid med Olympiatoppen gjennom forprosjektet «Nytt nasjonalt toppidrettssenter», og har forventningar om eit endå tettare samspill (utdanning, forskning, innovasjon) dersom eit slikt senter blir etablert.

Vi ser at utviklingsavtalen – ikkje minst i delmål 3 – inspirerer oss og har betydning for det pågåande arbeidet vårt med ny strategisk plan. NIH er ein institusjon som legg strategisk plan tydeleg til grunn for årlege verksemdsplanar og allokering av middel. Det er i så måte avgjerande at utviklingsavtalen og strategisk plan er samstemte også i fortsetjinga.

3.2 SAMFUNNS- OG EFFEKTMÅL FOR BYGGEPROSJEKT

Samfunnsmål:

Sikre at NIH verkar som ein nasjonalt og internasjonalt leiande institusjon innanfor utdanning, forskning og formidling av idrettsvitskap. Prosjektet skal òg sikre ivaretaking av kulturhistoriske verdier.

Effektmål:

1. Auke talet på studentar og halde oppe gjennomstrøminga av studentar ved NIH i eit 5-10 års perspektiv.
 2. Styrke NIH sin internasjonale forskingsposisjon gjennom auka volum og kvalitet på idrettsvitskapleg forskning som finn stad i moderniserte bygg.
 3. Oppnå ei permanent høgare tilfredsheit med lærings- og arbeidsmiljø ved NIH målt gjennom jevnlege studenttilfredsheits- og arbeidsmiljøundersøkingar.
- I 2019 går rapporteringa for effektmåla 1,2 og 3 inn under andre punkt i rapporteringa
4. Redusert kjøp av energi samanlikna med nivået i 2014 gjennom bruk av ny teknologi og oppgradering av bygg som gir redusert energitap.

Dei konkrete tiltaka som blir gjort for å nå effektmålet er mellom anna:

- Auka isolering av alle bygg
- Bytte av vindauge, så langt antikvariske styresmakter tillet, til meir energieffektive vindauge og glasfasadar

- Optimal styring av ventilasjon, varmeanlegg og lysgjeving
- Installasjon av varmepumper i kombinasjon med ein energibrønnpark som skal dekke mesteparten av varmebehovet i rehabiliterte område
- Frikjøling for å dekke kjølebehovet ved bruk av energibrønnparken

Vi hadde i 2018 god effekt av varmepumper, bedret isolasjon i tak, vegger og vinduer. I hele 2019 har ikke varmepumpene vært i drift pga havari. Derfor er energiforbruket økt kraftig og på nivå med forbruket før rehabiliteringen. Til orientering har bruken av byggene stor økning i bruksfrekvens med adskillig bedret inneklima. Dette har fører naturlig til økt energibruk.

5. Ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i bygningsmassen og antikvariske kvalitetar gjennom utarbeiding og oppfølging av forvaltningsplanar.

Det er foreløpig ikkje utarbeidet forvaltningsplaner, men NIH har vært i dialog med riksantikvaren for å få veiledning til dette.

3.3 MIDDEL TILDELT OVER ANDRE KAPITTEL

Kunnskapsdepartementet tildelte (over kapittel 281 post 45 i samsvar med supplerande tildelingsbrev av 20.03.2019) 4,3 millionar kroner til å ferdigstille ein miljøstasjon i samband med rehabiliteringsprosjektet på Noregs idrettshøgskole. Midlane kjem i tillegg til det som allereie ligg i prosjektet.

Statsbygg har starta opp detaljprosjektering av miljøstasjonen (avfallsstasjon/varemottak) med planlagt ferdigstilling i løpet av 2020.



4. Styring og kontroll i verksemda

4.1 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

NIH har rutinar og system for internkontroll for å forebyggje og avdekke svikt eller manglar i styringa. Frå 2018 har alle einingar ved NIH utarbeidd ein total risikomatrise på overordna oppgåvenivå. Denne skal oppdaterast jamnleg, minimum kvart anna år. NIH utarbeider årleg ein overordna risikovurderinga på NIH si måloppnåing med risikoelement knytta til kvart punkt. Den overordna risikovurderinga dannar grunnlag for den overordna verksemdsplanen med konkrete tiltak for å minske risikoen for ikkje å oppnå måla. Det rapporterast på denne planen kvart tertial.

Når det gjeld informasjonstryggleik og personvern er dei viktigaste tiltaka i 2019 at systemet for internkontroll, sentrale policy-dokument og rutinar er forbetra. NIH brukar stadig meir ressursar på området; frå til saman tre årsverk i 2018, til fire i 2019.

Det gjennomførast òg årlege internkontrollar av hand-saminga av forskningsdata og for den transaksjons-baserte delen av personal- og økonomistyringa.

